

Fra: Kari Torkildsen Utkilen (Kari.Utkilen@austrheim.kommune.no)

Sendt: 31.10.2017 13:01:28

Til: Solveig Lohne Rongved

Kopi:

Emne: Statusrapport Steinaldersti Fosnstraumen - tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne

Vedlegg:

Statusrapport Steinaldersti Fosnstraumen - tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne

Austrheim kommune har fått tilsegn om tilskot til prosjekt «Steinalderstien» på kr 400.000,- PS 77/2017 16.05.2017.

Tilskotet er gitt for ein periode på to år. Vi skal rapportere innan 1. november kvart år.

Vi hadde internt møte 24. mai og fordelte oppgåver:

Oppgåver
avtalar med grunneigar, kjøp/intensjonsavtale og kontakt med Bof
fjerning av skog
parkeringsplass og kontakt med Vegvesenet
spelemidlar
kontakt med kulturavd. fylkeskommunen
kontakt med Biosfæreprosjektet NUI v/Kari N
finne midlar i økonomiplanen/budsjett 2017-2018
finne samarbeidspartnarar til prosjektet

- Vi har bestilt taksering av området med tanke på statleg oppkjøp, og har kontakt med grunneigar.
- Tilbod på fjerning av skog er innhenta, og må justerast i forhold til krav til freda kulturminne.
- Det vert ikkje gjort noko i marka utan kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen.
- Vi kan ikkje søkje om spelemidlar før vi har endeleg avtale med grunneigar. Vi kan kanskje få til idrettsfunksjonell forhandsgodkjenning.
- Det har vore kontakt med NUI og Biosfæreprosjektet.
- Det er signalisert at Austrheim kommune må budsjettere med kr 200.000 i eigekapital i 2018 budsjettet.
- Vi søkjer om kr 407.000 i BARK tilskot (Riksantikvaren) til fjerning av skog og til prosjektleiar.

Austrheim kommune har vilje til å få realisert eit «fyrtårn», prosjekt Steinaldersti Fosnstraumen, og vi har som målsetting å starte arbeidet i marka vår 2018.

Mvh

Kari T. Utkilen

Kulturleiar

Austrheim kommune